



Møteprotokoll

Utval	Finansråd
Møtestad	Heradsstyresalen
Dato	11.06.2026
Tidspunkt	kl 08:30 - 12:15

Frammøtte	Parti
Benedicte Kragh	Ap
Tommy Mo Aarethun	Ap
Knut Ståle Kvissel	Frp
Iril Kirstine Schau Johansen	H
Sveinung Riber	H
Lars Gunnar Øye	INP
Øystein Måkestad	Krf
Bridget Penny	R
Samson Hamre	Sp
Tonje Ljones Såkvitne	Sp
Dag Sandvik	Sv
Elin Seim	V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Trygve Lyshagen Tømmerås	Mdg	Tonje Opkvitne	Mdg

Andre som møtte	Stilling
Attila Eserman	Styring og analyse
Björg Nesheim	
Elin Klette	Politisk sekretær
Hans-Erik Ringkjøb	Kommunalsjef tekniske tenester
Inge Skrede	Hovedtillitsvald
Ingeborg Hellesnes Uppheim	Kommunalsjef
Kjersti Nordanger	Kommunalsjef Helse og omsorg
Liv Myklebust	Stabssjef Strategi og styring
Martin William Kulild	Rådmann
Martine Hirth	Økonomirådsgjevar, Styring og analyse
Mette Matthiessen	Stabssjef HR og innovasjon
Nils Petter Bere	Leiar Økonomi
Perline Dugstad Vivås	Politisk sekretær
Rune Magnar Røthe	
Siren Hovland	
Tor Helmer Halvorsen	Stabssjef Innbyggjarservice
Trude Letnes	Kommunalsjef kultur og fritid

Protokollfører:

Elin Klette

Møtenotat

Dag Sandvik, SV, permisjon til kl 8.55, og permisjon frå kl 9.50 - 11.13

Bridget Penny, R, kom kl 8.48

Informasjon frå ordførar:

FPL skal møta 25. juni, to saker til handsaming, innkalling går ut 12. juni.

Informasjon om planvask vart gitt til UKMB i går, sjå kommuneTV, informasjon vert ikkje gitt i FPL

Informasjon gitt i dag vert ikkje gitt til HST, sjå opptak frå

Ordførar har lagt inn nokon punkt i sak om tal heradsstyrerepr for å ha føreseielege rammer knytt til nye lister for partia

Tonje Ljones Såkvitne

Ordførar

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
IM-02/26	Informasjon til møte i Finansråd 11. juni 2026
PS-04/26	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
PS-05/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-06/26	Retningsgjevande økonomiplan 2027-2030
PS-07/26	Ymse

02/26 Informasjon til møte i Finansråd 11. juni 2026

Informasjon og agenda:

Kallar med dette inn til møte i Finansråd 11. juni 2026 kl. 8.30 i heradsstyresalen på Tinghuset.

Vara vert kalla inn til møte ved forfall. Lovleg forfall vert å melda i møteportalen.

Kommune-TV

Møtet vert vist på Kommune-tv. Tilhøyrarar kan følgja sendinga <https://voss.kommunetv.no/>.

Agenda:

Tema	Ansvarleg	Tid
Møtet er sett	Ordførar	8.30 - 8.40
Orienteringar - Presentasjon av prosjekt X v/Liv Jorunn Solstad, Gunn Iren Engvold, Birger Lærum - Presentasjon frå Voss kyrkjelege fellelsråd v/kyrkjeverje Tor Ivar Johnsson	Ordførar	8.40 - 9.10
Opplæring Framsikt	Rådmannen	9.10 - 9.55
Presentasjon av organisering av administrasjonen i Voss herad v/Martin Kulild	Rådmannen	10.00 - 10.15
Gjennomgang av Tertialrapport, økonomiplan, PwC rapport Spørsmål og svar	Rådmannen	10.15 - 11.50
Generell informasjon frå rådmann og ordførar		11.50 - 12.00

Voss 29. mai 2026

Tonje Ljones Såkvitne
Ordførar

Finansråd 11.06.2026

Handsaming

FINR - 02/26 Vedtak

04/26 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Finansråd 11.06.2026

Handsaming

Samrøystes vedteke, med 11 røyster.

FINR - 04/26 Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

05/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

Finansråd 11.06.2026

Handsaming

Samrøystes vedteke med 11 røyster.

FINR - 05/26 Vedtak

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

06/26 Retningsgjevande økonomiplan 2027-2030

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gjennom denne planen vedtar Voss heradsstyre overordna rammer for økonomiplanen for 2027-2030 med budsjettrammer for kvart tenestekområde. Økonomiplanen vert i juni vedteke som ein retningsgjevande plan med rammer for tenestekområda og med mål og vilkår for tenesteproduksjon som omtala i dokumentet. Drifts- og investeringsrammene gjev retning for vidare budsjettarbeid. Driftsbudsjettet vert vedtatt med ei netto ramme per tenestekområde, i tråd med inndelinga i dokumentet og budsjettskjema etter forskrift § 5-4. Investeringsbudsjettet vert vedtatt med ei brutto ramme per tenestekområde, i tråd med skjema etter forskrift § 5-5.

Vedtak som innstilling frå Innvandrarråd, 08.06.2026 - 21/26

Innvandrarrådet tar saken til orientering.

Vedtak som innstilling frå Ungdomsrådet, 08.06.2026 - 21/26

Ungdomsrådet ynskjer å visa til vedtak i forrige sak:

Vedtak i ungdomsrådet i sak 20/26

"Ungdomsrådet syns tilbodet "Garden" bør bestå.

Ungdomsrådet meiner at ein ikkje bør auka sommarstengt i barnehage til 3 veker.

Ungdomsrådet syns òg at heradsstyret bør sjå på muligheten for å auka eigedomsskatten i staden for å leggja ned sjukeheimen i Granvin og på Vossestrand".

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, 08.06.2026 - 21/26 Innspeil til retningsgjevande økonomiplan 2026 -2030.

RMNF har lese økonomiplanen og finn det utfordrande å koma med konkrete framlegg til planen.

Heradet er i ei omfattande omstilling-prosess, som får konsekvensar for tenestene i heradet, og per i dag er det vanskeleg å få full oversikt på konsekvensar for tenestemottakar av endringar i tenestetilbodet.

RMNF vil peika på risikovurdering ved effektivisering og omstilling som er viktige:

- At individuelle behov vert tilstrekkeleg vurdert.
- At tenestene vert tilpassa personen og ikkje systemet.
- At skjønnsvurdering ikkje vert erstatta av økonomiske terskler.
- Å ha god brukarmedverknad.
- Å ha fokus på rettstryggleik, rettsbasert individuelle vurderingar.
- Vurdering av beredskap kontra sentralisering av tenestene.

Vedtak som innstilling frå Eldrerådet, 08.06.2026 - 19/26

1. Eldrerådet rår til at Heradsstyret ikkje vedtek rådmann sitt opprinneleg framlegg til vedtak
2. Eldrerådet legg ved fylgjande grunngjeving.

Grunngjeving:

Denne planen er basert på at innsparingane i rapporten «Heilskapleg organisasjonsgjennomgang» blir gjennomført, der helse og omsorg skal ta vel 37mill. av totalt 82mill. = 57%!! I denne planen ligg avvikling av sjukeheimane på Vossestrand og i Granvin. Dette går eldrerådet sterkt i mot, me veit alle at innan få år vert det mange fleire som treng pleie og hjelp. Å føreslå at ein framleis skal bygga ned eldreomsorga meiner me er uklokt og direkte uansvarleg.

No kjem forslaget om avvikling av sjukeheimane på nytt, berre månadar etter at heradsstyret vedtok at det skal vera sjukeheim på Vossestrand og Granvin. Me skjønner ikkje at innsparingane kan bli så store og at det er alltid helse og omsorg som skal ta støyten. Dette er lite gjennomtenkt og forhasta! Kva med konsekvensen, ikkje berre for «pasientane» og dei tilsette, men for heile grendene.

Eldrerådet har i fleire år i samband med økonomiplan og budsjettarbeidet, våre svært kritisk til avviklinga av langtidsplassar på sjukeheimane våre. Me har bruk for alle sjukeheimane og sjukeheimsplassane i framtida, anten dei ligg i sentrum eller i grendene. Me har og påpeikt den underfinansieringa av helse og omsorg som har vore, som igjen har ført til meirforbruk og forslag om innsparingstiltak.

Det må vera andre område både innan drifta og administrasjonen som kan ta større deler av innsparinga. Det tek truleg litt tid å få det til, men kva med å setja ned forventet overskot i nokre år, bruka litt lenger tid på å byggja oppatt disp.fondet, leggja vekk store investeringar i bygg? Me må framleis ha tru og håp om at også dei som styrer fedrelandet etterkvart innser at skal kommunane gjennomføra dei flotte reformene og planane dei vedtek, må det fylja økonomi med.

Slik det no ser ut til å gå, meiner me at retningsgjevande økonomiplan går i feil retning.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2026

Handsaming

Innspel fremja av eit samla Råd for MMNF, samrøyses vedteke.

KRMNF - 21/26 Vedtak

Innspel til retningsgjevande økonomiplan 2026 -2030.

RMNF har lese økonomiplanen og finn det utfordrande å koma med konkrete framlegg til planen. Heradet er i ei omfattande omstilling-prosess, som får konsekvensar for tenestene i heradet, og per i dag er det vanskeleg å få full oversikt på konsekvensar for tenestemottakar av endringar i tenestetilbodet.

RMNF vil peika på risikovurdering ved effektivisering og omstilling som er viktige:

- At individuelle behov vert tilstrekkeleg vurdert.
- At tenestene vert tilpassa personen og ikkje systemet.
- At skjønnsvurdering ikkje vert erstatta av økonomiske terskler.
- Å ha god brukarmedverknad.
- Å ha fokus på rettstryggleik, rettsbasert individuelle vurderingar.
- Vurdering av beredskap kontra sentralisering av tenestene.

Innvandrarråd 08.06.2026

Handsaming

Forslag - 21/26 Retningsgjevande økonomiplan 2027-2030, foreslått av Nicole Anne Fraser Dube, Innvandrarråd

Innvandrarrådet tar saken til orientering.

Innvandrarrådet røysta over endringsframlegg frå Nicole Dube, samrøystes vedteke.

INV - 21/26 Vedtak

Innvandrarrådet tar saken til orientering.

Eldrerådet 08.06.2026

Handsaming

Endringsframlegg

1. Eldrerådet rår til at Heradsstyret ikkje vedtek rådmann sitt opprinneleg framlegg til vedtak
2. Eldrerådet legg ved fylgjande grunngjeving, fremja av leiar og nestleiar.

Eldrådet røysta over endringsframlegg fremja av Ruth J og Gunnar L, opp imot rådmann sitt framlegg til vedtak. Endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

ELD - 19/26 Vedtak

1. Eldrerådet rår til at Heradsstyret ikkje vedtek rådmann sitt opprinneleg framlegg til vedtak
2. Eldrerådet legg ved fylgjande grunngjeving.

Grunngjeving:

Denne planen er basert på at innsparingane i rapporten «Heilskapleg organisasjonsgjennomgang» blir gjennomført, der helse og omsorg skal ta vel 37mill. av totalt 82mill. = 57%!! I denne planen ligg avvikling av sjukeheimane på Vossestrand og i Granvin. Dette går eldrerådet sterkt i mot, me veit alle at innan få år vert det mange fleire som treng pleie og hjelp. Å føreslå at ein framleis skal bygga ned eldreomsorga meiner me er uklokt og direkte uansvarleg.

No kjem forslaget om avvikling av sjukeheimane på nytt, berre månadar etter at heradsstyret vedtok at det skal vera sjukeheim på Vossestrand og Granvin. Me skjønar ikkje at innsparingane kan bli så store og at det er alltid helse og omsorg som skal ta støyten. Dette er lite gjennomtenkt og forhasta! Kva med konsekvensen, ikkje berre for «pasientane» og dei tilsette, men for heile grendene.

Eldrerådet har i fleire år i samband med økonomiplan og budsjettarbeidet, våre svært kritisk til avviklinga av langtidsplassar på sjukeheimane våre. Me har bruk for alle sjukeheimane og sjukeheimsplassane i framtida, anten dei ligg i sentrum eller i grendene. Me har og påpeikt den underfinansieringa av helse og omsorg som har vore, som igjen har ført til meirforbruk og forslag om innsparingstiltak.

Det må vera andre område både innan drifta og administrasjonen som kan ta større deler av innsparinga. Det tek truleg litt tid å få det til, men kva med å setja ned forventa overskot i nokre år, bruka litt lenger tid på å byggja oppatt disp.fondet, leggja vekk store investeringar i bygg? Me må framleis ha tru og håp om at også dei som styrer fedrelandet etterkvart innser at skal kommunane gjennomføra dei flotte reformene og planane dei vedtek, må det fylja økonomi med.

Slik det no ser ut til å gå, meiner me at retningsgjevande økonomiplan går i feil retning.

Ungdomsrådet 08.06.2026

Handsaming

Ungdomsrådet ynskjer å visa til vedtak i forrige sak.

UNG - 21/26 Vedtak

Ungdomsrådet ynskjer å visa til vedtak i forrige sak:

Vedtak i ungdomsrådet i sak 20/26

"Ungdomsrådet syns tilbodet "Garden" bør bestå.

Ungdomsrådet meiner at ein ikkje bør auka sommarstengt i barnehage til 3 veker.

Ungdomsrådet syns òg at heradsstyret bør sjå på muligheten for å auka eigedomsskatten i staden for å leggja ned sjukeheimen i Granvin og på Vossestrand".

Finansråd 11.06.2026

Handsaming

Framlegg til vedtak, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Finansrådet tek saka til vitande.

Tilleggspunkt, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Heradsstyret ber rådmann å sakshandsama oppdatert informasjon/notatet frå kyrkjeleg fellesråd og innarbeida rådmannen si vurdering inn i 2. tertial, årsbudsjett 2027 og økonomiplan.

Finansrådet røysta over framlegg til vedtak frå Tonje Ljones Såkvitne, Sp, samrøystes vedteke med 13 røyster.

Finansrådet røysta over tilleggspunkt frå Tonje Ljones Såkvitne, Sp, samrøystes vedteke med 13 røyster.

FINR - 06/26 Vedtak

Finansrådet tek saka til vitande.

Heradsstyret ber rådmann å sakshandsama oppdatert informasjon/notatet frå kyrkjeleg fellesråd og innarbeida rådmannen si vurdering inn i 2. tertial, årsbudsjett 2027 og økonomiplan.

07/26 Ymse

Finansråd 11.06.2026

Handsaming

FINR - 07/26 Vedtak